

## **Referat frå styremøte og styreseminar 22-23 april 2014**

Møtet vart halde på Radisson Blue hotell, Lillehammer.

Tilstades: Marit Jacobsen, leiar, Eli Ulvestad, nestleiar, Knut Bryn, Randi Grønbakken( 23 april) ,  
Helen Hansen, Endre Kleiveland og Anne Langmoen

Forfall: Frode Rismyhr og Erika Søfting

Frå kontoret; Kjærsti Gangsø, heile møtet.  
Dag Lindvig, Liv Skogstad, Bjørg Schultz, Tone Heskestad, Mette Vårdal og Linda  
Aaboen på deler av møtet/seminaret

Andre: Rune Stigberg-Jamt frå Oxford Research deltok 22 april med ei innleiing om  
Studieforbundsundersøkinga (tinga av VOX og Kunnskapsdepartementet)

### **Sak 7/2014 Referat frå styremøtet 07.02.2014**

Vedtak:

Referat frå styremøtet 07.02.2014 vart godkjent

### **Sak 08/2014 Orienteringar**

Styret vart orientert om desse sakene;

- Kursadmin
- Nytt rekneskapssystem
- Treseminaret
- VOFO, årsmøtet og seminar 26- 27 mai 2014  
Eli Ulvestad, Marit Jacobsen, Anne Langmoen og Kjærsti Gangsø deltek på årsmøtet. Eli  
ulvestad, Marit Jacobsen og Kjærsti Gangsø deltek på seminaret.
- VOX – ny undersøking om tilskotet
- FNV, årsmøte i Göteborg 18-20 september  
Endre Kleiveland, Eli Ulvestad og Kjærsti Gangsø deltek
- Ny dato styremøtet 15 september
- Landsmøte i Norges Husflidslag 13. – 15. juni
- Løfte Håndverket – Nettverkssamling 23. mai

Vedtak:

Informasjonen blir tatt til orientering.

### **Sak 09/2014 Kontordrift**

Dagleg leiar orienterte om drifta på kontoret, arbeidsoppgåver, samansetting av kompetanse og  
framtidige utfordringar.

**Vedtak:**

Styret tar informasjonen om situasjonen på kontoret til orientering.

**Sak 10/2014 Revidert budsjett 2014**

Styret gjekk gjennom framlegg til revidert budsjett. Med bakgrunn i orienteringa frå dagleg leiar om kontordrift gav styret fullmakt til å utvide staben for å styrke kommunikasjonsarbeidet. Styret er budd på at det kan bli større kostnad på lønn enn det som ligg i budsjettet. Dagleg leiar vurderer stillingsbrøk og gjennomfører tilsettingsprosessen etter vanleg praksis..

**Vedtak:**

Framlegg til revidert budsjett 2014 med eit underskot på kr 150.567 blir godkjent. Pga av auka lønnsutgifter er styret budd på meirkostnad på lønn og eit større underskot i 2014. Styret blir halde orientert gjennom rekneskapsrapportering.

**Sak 11/2014 Rekneskap 28.02.2014****Vedtak:**

Rekneskapsrapport 28.02.2014 blir tatt til orientering.

**Sak 12/2014 Årsmøtet 2014**

Årsmøtet 2014 blir halde på Clarion Christiania Hotell i Oslo 19 mai. Styret gjekk gjennom tidsplan og arbeidsdeling.

**Vedtak:**

Styret sluttar seg til framlegg om praktisk gjennomføring og opplegg for årsmøtet 2014.

**Sak 13/2014 Årsmelding 2013****Vedtak:**

Årsmelding 2013 blir godkjent og blir lagt fram for årsmøtet til endelig handsaming.

**Sak 14/2014 Rekneskap 2013****Vedtak:**

Styret godkjenner Rekneskap 2013 som blir lagt fram med eit overskot på kr 157.733. Styret legg rekneskapen fram for årsmøtet og rår til at overskotet blir lagt til eigenkapitalen.

**Sak 15/2014 Sak frå HATS om tilskotsystemet**

HATS har sendt inn eit innspel til årsmøtet og å ha ein gjennomgang av tilskotsreglane og korleis Studieforbundet prioriterer tilskotsmidlane. Styret handsama notatet og meiner det er riktig å ta opp debatten. Styret gjer framlegg om eit delmål i Strategi- og verksemdsplan om dette, og ønskjer difor ikkje å fremme dette som eiga sak på årsmøtet.

**Vedtak:**

Styret ser positivt på innspelet frå HATS om å ha ein gjennomgang av tilkottsreglane. Styret legg dette inn som delmål i Strategi- og verksemdsplanen 2015-2017.

**Sak 16/2014 Strategi- og verksemdsplan 2015-2017**

Styret hadde ei lang arbeidsøkt ilag med staben for å utmeisle eit nytt framlegg til Strategi- og verksemdsplan 2015-2017.

**Vedtak:**

Styret sitt framlegg til Strategi- og verksmedsplan 2015-2017 blir lagt fram for årsmøtet til endeleg handsaming.

**Sak 17/2014 Budsjett 2015**

Framlegg til budsjett byggjer på erfaring, vurdering av statstilskot og vurdering av kursaktivitet i medlemsorganisasjonane.

**Vedtak:**

Framlegg til budsjett 2015 blir godkjent og leggast fram for årsmøtet til endeleg handsaming.

**Sak 18/2014 1 million på rett kurs.**

Styret har satt opp ein pris på 10.000 til den/dei som har størst (eller stor) vekst i kursdeltakarar frå 2012 til 2013. Kursstatistikk for 2013 viser ein organisasjon og eit fylke som skil seg ut; DIS Norge, Slekt og data og Studieforbundet kultur og tradisjon Sogn og Fjordane. Prisen blir delt ut på årsmøtet i Studieforbundet, og vi ber VOFOs leiar og generalsekretær om å stå for utdelinga ilag med styreleiaaren vår.

**Vedtak:**

Pris for godt arbeid med å auke deltagarar på kursa i samband med VOFO sin kampanje 1 million på rett kurs blir tildelt DIS-Norge, slekt og data og Studieforbundets fylkesledd i Sogn og Fjordane. Begge blir invitert til årsmøtet for å motta prisen. Vi ber VOFO vere med å dele ut prisen.

**Sak 19/2014 Studieforbundet og høgare utdanning/fagskule.**

Styret vart orientert om arbeidet med å etablere ein nasjonal fagskule innan tekstil. Styret vart også invitert til å diskutere Studieforbundet sitt syn på fagskule versus høgskule i utvikling av utdanning på høgare nivå.

**Vedtak:**

Styret i Studieforbundet står opp om arbeidet med å etablere eit nasjonalt fagskoletilbod i tekstilfaget. Styret meiner også det er riktig å sidestille fagskule og høgskule når utdanningstilbod skal utviklast, og at ulike fag kan gå ulike vegar. Innhold i tilbodet, kva bransje det er snakk om og samarbeidspartnalar vil påverke val av nivå.

**Sak 20/2014 Søknad om samarbeidsavtale**

Trondheim Vikinglag har søkt om samarbeidsavtale.

**Vedtak:**

Studieforbundet kultur og tradisjon inngår samarbeidsavtale med Trondheim Vikinglag. Avtala gjeld inntil det blir stifta ein nasjonal overbygning for vikinglag i Noreg.

**Sak 21/2014 Ressursbruk fylkesledda i Studieforbundet**

I samband med gjennomgang av ressursbruk hadde styret ein debatt om fylkesledd.

**Vedtak:**

Styret sluttar seg til notat om arbeid i fylkesledda med desse hovudpunkta;

- Det er eit mål at Studieforbundet skal ha synlege styre/kontaktpersonar og være representert i VOFOs styre i alle fylke.
- Fylkesleddkonferansen held fram som fylkesledda sin nasjonale og viktigaste kontaktpunkt. Konferansen blir lagt til Våga kvart andre år.
- Studieforbundet sentralt held fram med kr 5000,- i tilskott til fylke utan fylkeskommunalt tilskott.
- Studieforbundet deltek med medarbeidaropplæring i samband med årsmøta når vi blir spurde
- Studieforbundet endrar arbeidsmetodikken til telefon og mail og reduserer reiseverksemda til eit lågare nivå enn 2013.

Ved protokollen

Kjærsti Gangsø